

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Trimmherad.

Emne: Rymsse attåtför.

Bygdelag: Omvikdalen.

Oppskr. av: Arne Skuland.

Gard: Skuland

(adresse): Rommetveit.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Alder: 77 år.

I.

Røter:

SVAR

1. Um våren kunde ein sanka røter til naudfor, men det var svært lite brukt. Ikkje i siste krig.
2. Ein kunde grava opp brønkerøter (røter av eit slag krypsleie som blivst serleg i åkerreinane) vaska moldi
3. av deim og gjeva kyrne deim. Røkekarot og røkkearse veks det lite av der i grendene.
4. Dei vart borte heim t. d. i kipa (korg).
5. Røtene vart oppfora med det same dei kom heim.
6. Nei.

B. Borbn=(bregner).

- 1 Borbn (bregner) og einstabelle vart ikkje brukte til för.
- Nr 2 - 6 fell burt.

II.

Tang og tare.

1. Tang var lite brukt, ikkje ein gong som naudfor, og berre på gardsbruk som ligg ned til fjorden.
- 2 - 3 fell burt.

B. Tare.

- 1-2-3 Tare vart - som naudfor - teken med hendene i strandi og borte heim i kipa.
4. Låg gjerne nokre dagar og vart so gjeven til kyr.
5. Ikkje rekina til godt för, sanka i vår.

III.

Anna för av plantor.

Rauneber (rogneber) vart bruka til för.

IV. Glestamök.

1. Glestamök korkje er eller hev vore bruka til för, ikkje ein gong til naudför.

Nr 2-3. fell burt.

V. Sörpefor.

1. Sörpefor bruka ein til grisefor, men berre ein hende gong til kyne. Grisematen vart boren til grisebryga i "stripp", ei trebytta med handbak som stod upp frå eine sida av strippet. Det var ein av "stavane" i denne "bytta" som var lenger enn hine. Dei slog kokande vatn på det som var laga til i strippet.
2. Sörpa var mjöl, lettetorn, höyfra, stundom melk eller avfall av ymse slag (det måtte ikkje vera bein i sörpa).
3. Kald sörpa var ikkje i bruk. Sörpa til kyr laut serleg ved sjukdom og når dei bar (bar = kalva) vera godt varm. Elles fekk kyne, då serleg mjölkekyne, mjöldrikka kvar formiddag. Det var drysja mjöl på vatnet i bytta som vart bori til deim.
4. Rauneber sette ein i bunnor med vatn, eller ei obröydd litt salt på. Rauneberlogen fekk kyne drikka, men kald. Høns kunde få barka rauneber.
5. Gjeng ut, for brenneri er det ikkje på desse kambar av landet.
6. Kask vart bruka til för - til gris og til kee.
7. Dei kunde koka log på potetlauv eller höyfra. Brake-einelog brukte ein til å vaska mjölkekjeraldi med av og til, når det vilde setja seg syra eller mygl i deim.

VI. Fiskeavfall.

Fiskeavfall var ikkje og er ikkje för i Grinnherad. Einast dei som bur kelt med sjæen og hev noko høve til fisking, kann vel stundom nytta avfallet til för, men vanleg vert det kasta i gjödselbingen.